

Standard lånevilkår

Standard lånevilkår skal signerast av lånetakar første gong ein lånar. Lånevilkåra gjeld mellom Utstyrssentralen og lånetakar. Når du registrerar ein låneprofil i Sykkylven bibliotek sitt låneregister og nyttar deg av utlån frå Utstyressentralen godtek du vilkåra i låneavtalen.

Ansvar for lån og bruk av utstyr

Ansvarleg lånetakar må vere ein person over 18 år med fast bustadadresse i Sykkylven kommune, samt med norsk mobilnummer. Vedkomande må vere registrert som lånetakar ved Sykkylven bibliotek.

Personar under 18 år kan låne utstyr, dersom ein myndig person over 18, registrert i Utstyrssentralen/Sykkylven bibliotek sitt låneregister gjev løyve til utlån, sjå "Fullmakt for å låne utstyr for personar under 18 år".

Dersom brukaren av utstyret er mindreårig, først ansvarleg lånetakar (forelder/føresett) opp som lånar av utstyret, og har med dette fullt ansvar for lånet og bruken av utstyret.

Utlånsreglar

Alle som har fast bustadadresse i Sykkylven kommune, kan få lånekort. Hugs å ta med legitimasjon. Born/ungdom under 18 år må ha skriftleg løyve frå føresette til å låne utstyr, samt ha med lånekort. Alle som skal låne utstyr via Utstyrssentralen må ha med lånekort kvar gong dei skal låne. Meld frå om endring av adresse/telefonnummer/e-postadresse. Tap av lånekort skal straks meldast frå til Sykkylven bibliotek, slik det kan sperrast for utlån.

Det er gratis å få sitt første lånekort og det er gratis å låne utstyr frå Utstyrssentralen. Personar under 18 år får lånekort mot underskrift av foreldre/føresette som garanterer for at lånt utstyr vert levert tilbake.

Første lånekort er gratis, men må det erstattast kostar det kr. 10,- for å få eit nytt.

Lånetida er ei veke (7 dagar). Lånetida kan forlengast viss utstyret ikkje er reservert av anna lånar.

Føresette av lånetakar må sette seg inn i bruken av det lånte utstyret, og er ansvarleg for at all bruk skjer forskriftsmessig. Det vil seie at ansvarleg låntakar sjølv er ansvarleg for å ha nødvendig kompetanse, ferdigheiter og erfaring, evt. sertifisering til å kunne bruke utstyret som er lånt.

- Ansvarleg lånetakar er pålagt bruk av sikkerheits- og verneutstyr der det er nødvendig, slik som hjelm (sykkel/ski) og redningsvest/flytevest.
- Ansvarleg lånetakar er pålagt å tilpasse utstyr til lånetakar/brukar. Eit døme på dette er tilpassing av bindingar og vekt knytt til alpinski.

Utstyret skal leverast tilbake innan standard lånetid, og i same tilstand (med unntak av normal slitasje) som ved utlån. Alt av utstyr skal vere reint og tørt ved innlevering.

Lånetakar skal melde frå om noko er øydelagt eller ikkje fungerer som det skal.

Lånt utstyr vert brukt på eige ansvar, og utlånar er ikkje ansvarleg ved eventuelle skader ved bruk av lånt utstyr. Fritidsforsikring knytt til lånaren sjølv gjeld ved slike tilfelle.

Ved tjuveri eller hærverk skal dette meldast til næraste politistasjon og Sykkylven bibliotek, snarast mogeleg.

Få lånekort

Personar over 18 år må vise gyldig legitimasjon med bilete og personnummer. Personar under 18 år, må ha med ein av foreldra/føresette.

- Ha alltid med lånekortet når du kjem for å låne.
- Lånekortet er personleg og skal ikkje lånast vekk til andre.
- Lånekortet sin eigar er ansvarleg for det som vert lånt på kortet. Foreldre/føresette er ansvarlege for det deira eige born/ungdomar låner.
- Alle nye lånarar må sette seg inn i lånereglane.
- Foreldre/føresette har ansvar for å rettleie barna/ungdomen slik at dei lærer å overhalde lånefristane og behandle utstyret frå Utstyrssentralen fint.

[Personvernerklæring Sykkylven bibliotek](#)